

NVE
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Dato: 08.10.24
Sted: Dale i Sunnfjord
Vår ref:
Deres ref: Karianne Rognhaugen

Konsesjonæren sine kommentarer til høyringsuttalar til DML

I høyringsperioden til detaljplan for miljø og landskap for Fardalselvi kraftverk kom det inn 3 uttalar frå offentlege høyringsinstansar.

Mattilsynet

Drikkevann

Vi viser til NVEs brev, der det bes om tilbakemelding på eventuelle endringer i tiltaket eller forhold som ikke ble dekket gjennom konsesjonsprosessen. Det er avgjørende at risikoen for påvirkning på drikkevannsforsyning vurderes grundig i denne sammenhengen, og at nødvendige avbøtende tiltak er avklart før anleggsarbeidet starter.

I området øst for planlagt trase for rørgate ligger det flere borebrønner i fjell som nesten alle benyttes til drikkevannsforsyning (ref. NGUs grunnvannsdatabase). Vi kan ikke se at vannforsyning/brønnene i området er omtalt i detaljplanen.

I verste fall vil noen av disse kunne bli negativt påvirket av arbeidet i anleggsfasen, både gjennom forurensing (f.eks. utslipp av mineraloljer) eller gjennom endringer i grunnforhold etter sprengningsarbeid (f.eks. nedgang i kapasitet).

Konklusjon

Mattilsynet mener at fare for forurensing og/eller annen negativ påvirkning på drikkevannsbrønner som følge av anleggsarbeidet må risikovurderes og eventuelt hensyntas i detaljplanen.

Plantehelse

Rødlistede arter og fremmede arter er omtalt og hensyntatt i detaljplanen, men ikke planteskadegjørere.

Mattilsynet vil presisere at fremmede plantearter ikke er det samme som planteskadegjørere. Det er Miljødirektoratet som forvalter regelverket om fremmede arter. Mattilsynet forvalter forskrift om plante helse som blant annet omhandler planteskadegjørere.

Ut ifra detaljplanen kommer det frem at matjord skal tas vare på og i stor utstrekning føres tilbake på samme sted på samme eiendom, men med de unntakene som kommer frem under punkt 2.2.2.

I sammenheng med håndtering av matjord er det viktig å hindre spredning av planteskadegjørere. Spredning av planteskadegjørere/karanteneskadegjørere påvirker plante helse og kan medføre store

konsekvenser for planteproduksjon om de får etablere og spre seg i miljøet. Vi gjør oppmerksom på at spredning kan skje ikke bare ved flytting av jordmasser, men også ved maskiner med rester av jord, frø eller planter. Fare for spredning er størst fra områder med tidligere eller nåværende dyrket mark.

Alle som er ansvarlig for eller utfører bygge- eller anleggsvirksomhet har ansvar for å hindre at alvorlige planteskadegjørere blir spredt fra en eiendom.

Konklusjon

Vi forventer at temaet planteskadegjørere også ivaretas i detaljplanen, på lik linje med fremmede arter.

Kommentar frå konsesjonær

Innspelet er teke omsyn til. Nærliggande brønnar/borehol for drikkevatt er vist i eige kart under kapittel 4.5.4. Det er også gjort ei risikovurdering opp mot desse i same kapittel.

Førekomstar av planteskadeleggjearar er vurdert i området og omtalt i kapittel 4.3.3. Tiltak er beskrive og unntak beskrive i kapittel 2.2.2 er skrive om til å ikkje gjelde områder der slike førekjem.

Vestland fylkeskommune

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne

Tiltak i samband med utbygging av Fardalselvi kraftverk er i konflikt med tre kulturminne, som er automatisk freda i medhald av lov 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) § 4 første ledd. Kulturminna er registrert med id. nr. i Riksantikvaren sin nasjonale kulturminnedatabase Askeladden.

Vi viser til søknad datert 19.04.24 frå Sognekraft AS om å gjennomføre tiltak på Kulturminne ID 222209 – Dyrkingsspor, gbnr. 69/4, KulturminnelD 223951 - Busetjingsspor, gbnr. 67/2 og KulturminnelD ID.nr. 223988 – Gravminne på gbnr. 71/1 i Sogndal kommune, Vestland fylke.

I samband med utbygging av Fardalselvi kraftverk har Vestland fylkeskommune i brev av 04.06.24 gitt løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, KulturminnelD 222209, KulturminnelD 223951 og KulturminnelD ID.nr. 223988 i Sogndal kommune, jf. avmerking på situasjonsplan datert 15.04.24. Vedtaksbrev (Digisak id.245213) og situasjonsplan er vedlagt.

Dersom det under realisering av tiltaket blir oppdaga eller kjem fram andre automatisk freda kulturminne enn dei tillatinga gjeld for, skal de straks stanse arbeidet i den utstrekning det kan røre desse. De skal varsle Vestland fylkeskommune, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd og vi avgjer så snart som mogleg og seinast innen 3 veker om arbeidet kan fortsette og eventuelle vilkår. Tillatinga gjeld berre det tiltaket de har søkt om og fell bort dersom tiltaket ikkje er iverksett innan 1 år frå dette brevet er motteke.

Vilkår for dispensasjonen

Tillatinga er gitt på følgande vilkår:

Universitetsmuseet i Bergen, ved fornminneseksjonen skal før anleggsstart gjere ei arkeologisk gransking av dei nemnde kulturminna.

Arealbruksplan - kulturminna er ikkje merka av på kartet

Dei automatisk freda kulturminna som utbygginga kjem i konflikt med og som det er søkt om dispensasjon for, må vere synleg på arealbruksplanen. Vi kan ikkje sjå at dei er merka av på kartet, sjølv om det står at grønt felt skal vise område med kulturminne. Vi ber om at dette vert retta opp i.

Skildring av kulturminna

Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte ei arkeologisk registrering i tiltaksområde før røyrgate i 2016, og det vart påvist tre lokalitetar med automatisk freda kulturminne.

Riksantikvaren gav dispensasjon frå kulturminnelova i vedtak datert 25.01.2017 med løyve til inngrep i dei tre kulturminna med vilkår om arkeologisk utgraving. Løyvet er ikkje lenger gyldig, og Sognekraft har sendt ny dispensasjonssøknad.

KulturminneID 222209 - Lokalitet 1: Fardal gnr. 69, bnr. 4

Dyrkingsspor Førhistoriske dyrkingslag blei påvist i ei 35 meter lang sjakt. Gjennom heile sjakta vart det påvist fleirfasa dyrkingslag. Eit rydningslag i botn (lag 5) låg 1, 95 cm djupt. Laget vart datert til eldre bronsealder (1410 – 1225 f. Kr). Lag 3, høgare oppe i profilen vart datert til romertid (75 - 235 e. Kr).

KulturminneID 223951 - Lokalitet 2: Hagen gnr. 67, bnr. 2

Busetjingsspor På lokaliteten vart påvist 11 førhistoriske strukturar, ein eldstad, ei tilnærma rund bygning med seks stolpehol og to moglege veggrofter. Eit av stolpehola til bygninga vart datert til overgangen mellom yngre bronsealder og førromersk jernalder (785 – 520 f. Kr).

KulturminneID 223988 Lokalitet 3: Vattlestad gnr. 71, bnr. 1

Gravminne På lokaliteten vart det funne eit einegga sverd og ein meisel i jern. Gjenstandane låg ca. 20 cm under torva. Sverdet er typologisk datert til yngre jernalder i merovingertid eller tidleg vikingtid. Funnet er tolka til å vere ein overpløyd grav frå yngre jernalder.

KulturminneID 171936 (fjernet)

På gnr. 69 bnr. 13 er det tidlegare gjennomført arkeologiske registreringar i samband med utfylling av masser frå Sogndal transformatorstasjon. I samband med undersøkinga vart det påvist førhistoriske dyrkingsspor frå jernalder. (Kulturminne id.171936). Lokaliteten vart frigjeven av fylkeskommunen i 2013 og er difor ikkje i konflikt med tiltaket.

Etterreformatoriske kulturminne

Vegfar

Et gammalt vegfar går opp dalen gjennom heile tiltaksområde. I detaljplanen står det at vegen var i bruk fram til 1960-70 talet då det kom ny veg opp dalen. I dag er restane etter vegbana lite synleg i terrenget, men enkelte stader som lengst nord i tiltaksområde ved Hjelmaset og Murahaug er vegen godt synleg. Vegbana er her fint oppmura.

Lengst sør i tiltaksområde på Fardal gbnr. 69/1 er vegbana godt synleg med stabbesteinar ut mot den bratte skråninga ned i juvet mot Fardalselva. På gbnr. 69/4 ovanfor lokalitet 1 (id. 222209) er vegbana etter gamlevegen godt synleg. Lenger oppe på gbnr. 69/5 går det ein klopp over ei lita grov. Denne må truleg reknast som ein del av gamlevegen.

I detaljplanen står det at der vegen ikkje er omgjort til dyrka mark er den anten i bruk som landbruksveg eller under attgroing. Tiltakshavar har målt inn og kartfesta dei synlege murane på vegtraseen vist i figur. 2.2 i detaljplanen.

I detaljplanen kjem det fram at røygata kryssar vegfaret nokre stader, sjølv om det er forsøkt å ta omsyn til vegfaret, særleg der det er synlege murar. Ein stad ein ikkje har lukkast med å tilpasse røygata er mot murane i vegfaret øvst i røyrtrase ved pel 2180.

Vurdering

Fylkeskommunen har tidlegare uttalt at gamlevegen som går opp i Øvstedalen er eit viktig kulturminne som det må takast særskild omsyn til. Gamle vegfar er viktige historieforteljande element i kulturlandskapet som fortel om eldre tiders ferdsel i landskapet. Vegfar er vanskeleg å tidfeste, men vi veit at fleire av dei kan ha høg alder. Vestland fylkeskommunen meiner det er særskild uheldig at ein ikkje har klart å justere røyrtrase for å unngå konflikt med vegfaret, til dømes ved pel 2180 der det er synlege murar. Vi ber Sognekraft på nytt å vurdere om dei kan justere røyrtrase slik at ein unngår å skade på vegfaret her.

Der det synlege vegfaret kjem tett på tiltaket må den merkast i felt før anleggsstart for å sikre den mot inngrep. Sognekraft bør gjere underentreprenørar kjend med vegfaret. Det skal ikkje førekome maskinell ferdsel i område der traseen etter gamlevegen er synleg. Vegen er ikkje dimensjonert for tunge anleggsmaskiner, og det er slik stor fare at den kan bli øydelagd.

Kabelgrøft for nett-tilknytning

Dette tiltaket ser ut til å vere ei endring som vi ikkje har hatt til vurdering tidlegare. Dersom trase for kabelgrøft kjem i konflikt med det gamle vegfaret må traseen justerast.

Steingardar og rydningsrøysar

Under registreringa vart det påvist steingardar mellom Vatablestad og Hagen gbnr. 71/1 og 69/9. Desse vil verte direkte råka av planlagd tiltak. Spor etter eldre driftsformer i kulturlandskapet er viktige kjelder til informasjon om og oppleving av vår nære førhistorie. Under anleggsarbeidet må ein så langt det er mogeleg unngå inngrep i steingardar og rydningsrøysar. Vi ber om at ryddingsrøysar og steingardar vert lagt opp att opp etter ein har gått igjennom dei.

Fysisk aktivitet og inkludering

Me kan ikkje sjå at ordet friluftsliv er nemnt i rapporten (gjort unntak for i samandraget).

Det blir viktig å vurdere om gamal ferdselsveg skal sikrast og merkast som ei historisk ferdselsåre, - som også kan bli teke i bruk på heile eller deler av strekninga.

Kanalisering av ferdsel, gjennom skilting og merking av stiar og løyper vil både skåna naturen, og gi trygg tilkomst. Dette må koordinerast m.a. med grunneigarane, historielag/turlag og kommunen.

Kyst og Fjordlandskap

Det er bra at Fardalsfossen ikkje råkast au utbygginga.

Kommentar frå konsesjonær

Innspelet er stort sett teke til følgje.

Automatisk freda kulturminne - Kulturminna er no teke inn att i arealbrukskartet og er merkt med kulturminneID.

Etterreformatoriske kulturminne – Det er allereie gjort ei grundig vurdering kring røyrtraséen ved pel 2180 der ein har vurdert alternativ for å unngå å råke murane langs vegen. Her har ein ytterlegare skildra vurderingane i kapittel 2.2.1. Vi er einig i at dette er uheldig, men vi ynskjer at det ved ferdigstilling skal tilbakeførast slik at konsekvensen vert minst mogleg. Kabelgrøfta vil krysse over det gamle vegfarete ved dyrkamark der den ikkje er synleg, elles vil ikkje kabeltraséen berøre denne. Det er no lagt inn beskriving i kapittel 3.3.2 på at steingardane/rydningsrøysene som vert råka av tiltaket vert lagt oppatt.

Fysisk aktivitet og inkludering – Langs tiltaksområdet er det kun oppstykkade delar av den gamle ferdavegen som ikkje ligg på dyrka mark. Å legge til rette for og oppmode til ferdsel og friluftsliv over dyrka mark er særskild uheldig og ikkje ynskjeleg av grunneigarane. Ei slik tilrettelegging bør heller finne stad i områder der vegfarete i lengre strekningar ikkje går over innmark. Dette vil ikkje vere relevant innanfor tiltaksområdet.

Statsforvaltaren i Vestland

Vi ser at føringar i konsesjonen er følgde opp i detaljplanen, mellom anna når det gjeld ivaretaking av styva alm og ask, og handtering av deponert avfall i røyrгатетraséen.

Det bør støypast ei hekkeshylle for fossefall i kraftverksavløpet, då dette har gitt godt resultat ved andre vasskraftutbyggingar dei seinare åra. Eit slikt enkelt og praktisk tiltak i byggjefasen, vil redusere behovet for å påleggje kraftverkseigar å gjennomføre avbøtande tiltak i driftsfasen.

Vi legg vil til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M- 1243. Eventuelt betongavfall må handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. Vi viser elles til forureiningslova § 7 om å unngå forureining.

Utover dette har vi ikkje merknader til detaljplanen.

Kommentar frå konsesjonær

Innspelet er teke til følgje. Hellehylla for fossefall er no teke med i beskriving av kraftstasjonen.

Med venleg helsing

Nina Hjartholm
Prosjektutviklar
Hywer AS

Kåre Fosse
Prosjektleder
Sognekraft AS